


Olav H. Hauge-kveld med Stig Børsheim i september.

03.07.2016



Olav H. Hauge-kveld med Stig Børsheim på Oska

Fredag 30.september vert det ein kveld i Olav H. Hauge si ånd på Oska på Sandakaien. Då kjem den utflytte uskedelingen Stig Børsheim til den gode matstaden. Stig er kjend som ein framifrå tolkar av Olav H. Hauge sine dikt, og denne kvelden vil han både syngja og lesa ein bukett av dei vakre dikta til diktarhovdingen frå Ulvik.



Frå lanseringskonserten på Haugesenteret der Stig hadde med seg søstera Nina på kor og gitaristen Kai Roger Gjestemoen.

Stig Børsheim flytta som ung gut frå Uskedalen og utdanna seg til fysioterapeut og akupunktør. Dette førte han til Oslo, og han har gjennom tida drive mykje med teater og musikk. Dette har m.a. resultert både i store roller på scenen og utgjeving av tre CD'ar. Med slekt i Ulvik har han heile tida vist stor interesse for dikta til Olav H. Hauge, og fått eit nært forhold til dei.

Stig har laga musikk til nokre Hauge-dikt, og i mars i år kom han med CD'en NOKRE FÅE SONGAR som inneheld 9 dikt av Olav H. Hauge. På denne finn vi og det sterke diktet I CELLA som ikkje har vore publisert før. Dette fann enkja Bodil Cappelen etter Hauge var død, og ho ønskte Stig skulle laga musikk til, og ta det med i samlinga.

Plata er blitt særdeles vakker. Vakre og vare melodiar er svært godt tilpassa Hauge sine dikt. Dialekten og den gode songstemma til Stig Børsheim kler dei også svært godt. I tillegg er det flotte arrangement der svært dugande musikarar medverkar. Denne vakre samlinga er utan tvil den mest spela hos underteikna dei siste månadene.

Lanseringskonserten var på Haugesenteret i Ulvik under Verdas poesidag, og tilbakemeldingane på konserten var svært gode frå publikum.

De kan lesa kva uskedalen.no skriv etter den konserten [her](#).

Omtale av [CD'en NOKRE FÅE SONGAR](#) finn de [her](#).

NOKRE FÅE SONGAR er å få kjøpt på Spar Uskedalen. Etter at første ladning vart utseld, har dei fått ny levering. Den kan og kjøpast på Spotify.

Vi ser fram til ein flott kveld i Hauges ånd på Oska 30.september!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lars Wang og utsnitt av Haugesenteret sin plakat.